



Fylkesmannen i Vestland

Vår dato:

30.09.2019

Vår ref:

2019/5095

Dykkar dato:

01.04.2019

Dykkar ref:

19/511

Olje- og energidepartementet
Postboks 8148 Dep
0033 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Anniken Friis, 5557 2313
Tore Larsen, 5764 3126
Magnus Johan Steinsvåg, 5557 2325
Tom Dybwad, 5564 3123

Høyringsfråsegn til nasjonal ramme for vindkraft på land

Fylkesmannen rår til at ei nasjonal ramme vert vedteken som styringsverktøy for vidare vindkraftutbygging på land.

Fylkesmannen har i kart og tekst foreslått eksklusjonar i utpeikte område i Vestland fylke, særleg ut frå nasjonale og vesentlege regionale interesser knytt til naturtypar, artar, større urørte naturområde, landskap, friluftsliv og samla belastning. Vi legg til grunn at fjellområda mellom Hardanger og Voss som nesten vart utpeikte, er uaktuelle i ramma.

Det er nødvendig med betre fagleg grunnlag for å fastslå om vindkraftutbygging samla sett vil bidra til reduksjon i utslepp av klimagassar i Norge.

Oppdatering av karta i nasjonal ramme må skje gjennom medverknad frå relevante parter.

Kommunane bør få reell medverknad i saker som gjeld planlegging og bygging av vindkraftanlegg.

I endeleg nasjonal ramme er det er nødvendig å ha med konkrete metodiske grep for å sikre tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag, føre-var-vurderingar og sumverknader på landskap og natur. Omfanget av utbygging må vegast opp mot andre klima- og miljøomsyn, slik det går fram av rapportar frå FN sitt naturpanel og klimapanel.

Bakgrunn og overordna merknader

Forslag til nasjonal ramme for vindkraft på land er utarbeidd av NVE på grunnlag av oppdrag frå Olje- og energidepartementet (OED). Fylkesmannen meiner NVE har lagt fram eit solid grunnlag for

E-postadresse:
fmvlpost@fylkesmannen.no
Sikker melding:
www.fylkesmannen.no/melding

Postadresse:
Njøsavegen 2
6863 Leikanger

Besøksadresse:
Njøsavegen 2, Leikanger
Statens hus, Kaigaten 9, Bergen
Fjellvegen 11, Førde

Telefon: 57 64 30 00
www.fylkesmannen.no/vl
Org.nr. 974 760 665



høyringa. Vi viser spesielt til metodeutviklinga i prosjektet, samanstilling av kunnskapsgrunnlag og utarbeiding av ei funksjonell nettside med interaktive kart. Vi har merknader og innspel som følgjer under.

Eit viktig grunnlag for analysen ligg i kart over produksjonskostnader i område som ikkje er tekne ut som harde og mjuke eksklusjonar (Fig. 41 i NVE-rapporten). Gjennom metodisk gjennomgang av analyseområda har NVE peikt ut 13 områda i landet som skal vere mest eigna til vindkraftutbygging. Desse er ifølgje forslaget i mindre konflikt med andre samfunnsinteresser enn dei områda som er ekskludert, og dei som ligg utanfor dei utpeikte områda.

Høyringsperioden har vist stort lokalt engasjement i saka, både politisk og folkeleg. Det vil bli nødvendig å vege strategi for ny utbygging av fornybar energi i lys av konklusjonane i fleire sentrale rapportar frå FN sine naturpanel og klimapanel. Her vert det dokumentert at endringar i arealbruk og tap av naturområde er mellom dei viktigaste faktorane som bidrar til tap av naturmangfald og økosystemtenester. Dette vil føre til at utpeikte område i samla areal og utbreiing må bli langt meir avgrensa enn det som ligg inne i høyringsutkastet.

Fylkesmannen legg dette til grunn, saman med andre punkt som går fram av denne høyringsuttalen. Vi rår til at ein nasjonal ramme vert vedteken som styringsverktøy for vidare vindkraftutbygging på land i Norge.

Rekneskap for utslepp av klimagassar

I høyringsdokumenta diskuterer NVE samanhengen mellom utslepp av klimagassar og utbygging av landbasert vindkraft i Norge ved å sjå til det europeiske kvotesystemet. NVE konkluderer med at utbygging av vindkraft vil bidra til å redusere samla utslepp frå Norge og resten av Europa.

Fylkesmannen vil peike på at viktige parametrar ikkje er med i vurderingane, som til dømes nedbygging og drenering av myr- og våtmarksområde i utbyggingsområda. For å få eit godt nok grunnlag til å vurdere vindkraftutbygging opp mot utslepp, er det etter vårt syn nødvendig å gå djupare og meir omfattande inn i desse problemstillingane enn det som er gjort jf. klimapanelet sine rapportar. Vi rår til at det blir stilt krav om utarbeiding av klimarekneskap i konsesjonssaker og utgreiingsprogram for konsekvensutgreiingar.

Bruk og oppdatering av nasjonal ramme

Som grunnlag for oppdraget har NVE i samarbeid med Miljødirektoratet utarbeidd 21 temarapportar med oppdatert kunnskapsgrunnlag for relevante miljø -og samfunnstema. Det går fram av tilrådingane at NVE vil samarbeide med relevante fagetatar for å sikre at desse rapportane vert fortløpande oppdatert. Dette er bra og heilt nødvendig for å fange opp ny kunnskap.

Vidare har ein intensjon om å oppdatere karta over utpeikte område. Dette skal skje *ved behov*, ikkje som ein kontinuerleg prosess. Fylkesmannen legg til grunn at oppdatering av karta i nasjonal ramme vil skje gjennom opne prosessar. Det må vere full medverknad frå relevante parter, på same nivå som i høyringsprosessen vi no er inne i.

Fylkesmannen viser til NVE-rapporten, kap. 57 *Omtale av områder som nesten ble utpekt*. Vi legg til grunn at områda som er omtalte her, ikkje vert lagde ved rammeplanen som moglege suppleringsområde i seinare fasar.



Tilhøvet mellom sektorlov og plan- og bygningslov i energisaker

Fylkesmannen har merkt seg at NVE foreslår på å revidere og oppdatere rettleiingsmaterieil for planlegging av vindkraftverk. Høyringsprosessen knytt til nasjonal ramme har vist at det er heilt nødvendig. Etter Fylkesmannen si oppfatning kan mykje av motstanden som siste tida har bygd seg opp kring planar for vindkraftutbygging, skuldast at kommunen ikkje er planmynde i desse sakene.

Sett i lys av at vindkraftanlegg er store industrianlegg som ville ha vore reguleringspliktige tiltak etter plan- og bygningslova, opplever mange kommunar eit sprik mellom handtering av utbyggingssaker etter sektorlova og etter plan- og bygningslova. Det er lite samsvar mellom kommunen si rolle og kompetansen i energisaker og plansaker, jf. formålsparagraf i plan- og bygningslova, der det heiter at lova skal *samordne statlege, regionale og kommunale oppgåver, og gi grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar*.

Vidare har fleire kommunar opplevd detaljplanleggingsfasen (miljø- transport- og arealplanar) som problematisk, fordi det ofte vert presentert større og vesentlege endringar på dette plannivået med nye konsekvensar. I tillegg har det ofte har gått lang tid, gjerne fleire år, frå konsesjon er gitt, til detaljplanlegginga er gjennomført og bygginga startar.

Fylkesmannen meiner det er viktig og nødvendig at kommunane får reell medverknad i saker som gjeld planlegging og bygging av vindkraftanlegg på sine areal i åra framover.

Om vektlegging av dei miljørettslege prinsippa i arbeidet med nasjonal ramme

Fylkesmannen meiner at høyringsutkastet til nasjonal ramme har svakheiter som styringsverktøy, fordi miljørettslege prinsipp ikkje er lagde til grunn i tilstrekkeleg grad. Vi viser spesielt til følgjande:

Manglande kunnskapsgrunnlag og bruk av føre-var-prinsippet

Rammeplanen er utvikla ut frå eksisterande kunnskapsgrunnlag. Som kjent er det store manglar knytt til kartlegging av naturverdiar, spesielt naturtypar og artar i høgareliggande område. Vi viser her til pågåande arbeid med å utvikle Natur i Norge-systemet (NiN). Det er dessutan eit problem at kunnskap ikkje er tilgjengeleg. Til dømes er mange kommunar i gang med kartlegging og verdsetting av friluftsområde etter metodikk frå handbøkene til Miljødirektoratet, men data er enno ikkje lagt inn i Naturbase. Rundt i landet finst det ei rekkje slike data, til dømes i fylkesdelplanar, rapportar og ulike databasar, men dette er likevel ikkje nytta som faktagrunnlag i rammeplanen. I tillegg skaper det og utfordringar at ein både på nasjonalt og regionalt nivå ikkje har utvikla metodikk for å verdsette interessene innanfor sentrale fagfelt på miljøområdet. Dette gjeld til dømes innan tema som samanhengande naturområde og landskap.

Slik Fylkesmannen ser det, ville fleire område vore ekskludert dersom ein hadde utvikla og lagt til grunn ei føre-var-vurdering i arbeidet med rammeplanen. Det er difor viktig at kunnskapsgrunnlaget og bruk av føre-var-prinsippet vert gjeve omtale i endeleg rammeplan.

Økosystemtilnærming og samla belastning

Utfordringar knytte til vurderingar av samla belastning er omtala i NVE-rapporten. Så langt det har vore mogleg har ein vurdert samla bestandssituasjon for ulike artar og lagt vekt på samanhengande område med urørt natur. Fylkesmannen er samd i at vi på nasjonalt nivå og innan sentrale sektorar framleis har kome for kort i utvikling av gode verktøy for å vurdere samla belastning og



sumverknader på bestandar. Fylkesmannen meiner likevel at Klima- og miljødepartementet sin rettleiar T-1554 *Naturmangfoldloven kapittel II* gir ein del grunnleggjande rettleiing på dette punktet. Sett i lys av at nasjonal ramme skal vere eit overordna planverktøy, ville det vore naturleg om NVE gav temaet samla belastning høgare prioritet i metodeutviklinga enn det som faktisk er gjort.

Det er etter vårt syn ein svakheit at NVE i silingsprosessen fram til dei utpeikte 13 områda ikkje har lagt opp til å vurdere verknaden av eksisterande og konsesjonsgitte vindkraft- og vasskraftanlegg. Heller ikkje nye overføringsliner; eksisterande, planlagde, eller liner som vert utløyste ved bygging av nye energianlegg, er vurderte.

Som kjent er søknadsprosessar knytte til konsesjonar og konsekvensutgreiingar etter lowverket avgrensa til dei einskilde utbyggingsprosjekta. Det er difor eit metodisk problem at summen av energianlegg og andre større utbyggingar i ein region ikkje vert sette i samanheng. Fylkesmannen meiner difor det er nødvendig å vurdere konkrete metodiske grep for å sikre at samla belastning på landskap og natur vert vurdert på relevant nivå, i samband med fastsetting av nasjonal ramme.

I denne samanhengen vil vi også peike på at del 11.3 av forslag til nasjonal ramme legg opp til kunnskapskrav som er umoglege å oppfylle. Dette gjeld fugletrekk, der NVE i framtidig konsesjonsbehandling vil; *-ta utgangspunkt i om vindkraftverk kan medføre virkningar på nasjonalt eller regionalt bestandsnivå for arter som er sårbare for vindkraftutbygging*. Kva trekkfuglar som vil vise seg å vere sårbare for vindkraftutbygging i Noreg er enno ukjent, og i tillegg er allereie i dag ein tredel av norske fugleartar raudlista. Det vil ikkje vere mogleg å vurdere kva innverknad vindkraft kan ha på bestandsreduksjonen for ulike fugleartar før ein får erfaring med problemstillinga under norske tilhøve. Dette vil krevje ei omfattande, kostbar og tidkrevjande forskingsinnsats gjennom mange år, dersom det i det heile vil vere mogleg å isolere vindkraftverk sin verknad frå andre faktorar. Her meiner Fylkesmannen at NVE legg opp til ei saksbehandling som er i strid med både føre-var-prinsippet og omsynet til samla belastning.

Utpeikte område i Vestland fylke – forslag til nye eksklusjonar

Konfliktar knytte til vindkraftutbygging i Vestland fylke gjeld både nasjonal, regionale og lokale miljøinteresser. Hausten 2018 gav Fylkesmannen i Hordaland og Fylkesmannen i Sogn og Fjordane faglege innspel direkte til Miljødirektoratet, der vi ut frå vurderingar av våre ansvarsområde foreslo eksklusjonar i analyseområda. Våre innspel har vore vektlagt til ein viss grad, men fortsett ligg det inne areal som vi meiner bør ut av den nasjonale ramma.

Fylkesmannen har analysert areala med tanke på sentrale naturverdiar og fagtema som naturtypar, artar, inngrepsfri naturområde, landskap og friluftsliv. Vi har lagt særleg vekt på nasjonale og vesentlege regionale interesser. For nokre tema, som hekkeområde for rovfugl og nokre andre sensitive artar, dreier dette seg om data som berre Fylkesmannen har tilgang til. Dei ligg med andre ord ikkje i nasjonale databasar. Sjå kart med framlegg til eksklusjonar og omtalane av dei enkelte områda under. Vi viser og til følgjande:

- Rundskriv T- 2/2016 frå Klima- og miljødepartementet *Nasjonalt og vesentlege regionale interesse på miljøområdet – klargjering av miljøforvaltningens innsigelsespraksis*.
- Fylkesmannens forslag til kandidat område for supplerande vern, jf. oppdrag til Fylkesmennene frå Miljødirektoratet oktober 2018.
- Pågåande prosessar for frivillig skogvern.



- Kartlagde og verdsette friluftsområde, jf. Naturbase 1. Fylkesmannen har spesielt vektlagt A- og B-område, men og til ein viss grad C-område der slike er viktige for å binde saman større, samanhengande område. Fylkesmannen har i tillegg lagt vekt på nyare lokal kunnskap der føreliggande data har vore av eldre dato. Vi vil peike på at det i stor grad er turlag og frilufsorganisasjonar som har oppdatert kunnskap om dette sentrale feltet. Der er difor viktig og nødvendig at OED legg vekt på dokumentasjon frå desse partane i det vidare arbeidet med rammeplanen.
- Samla belastning for større arealinngrep som har påverka viktige landskapsrom i sårbare kystområde og høgfjellsnatur. Dette omfattar eksisterande og konsesjonsgitte vindkraftverk, større vassdragsenergianlegg, overføringslinjer og vegar.

Sunnmøre og Nordfjord – kommunane Selje, Vågsøy og Eid


Selje sør – Nordfjord: Dette området er delvis ei forlenging av Stadlandet, med verdifull kystlynghei og terrengdekkande myr, som begge er truga naturtypar i Noreg. Lokalitetar med desse naturtypane lenger nord på Stad vil gå tapt ved utbygginga av Okla vindkraftverk.

Fugleradarundersøkingar dei siste åra har stadfesta at det går eit omfattande fugletrekk over Bremangerlandet og Guleslettene, og det er sannsynleg at det går trekkruiter både over ytre del av Stadlandet (Sande-Kvamsøya-Stad-Vågsøy-Bremangerlandet) og lenger aust over landområda og øyane langs innsida av Sildegapet. Den sørvestre delen av område kjem i konflikt med denne trekkkorridoren.

Den sørlege delen av Stadlandet er også hekkeområde for fleire fugleartar verna etter internasjonale konvensjonar, til dømes regionalt sjeldne artar som songsvane, smålom og vandrefalk, raudlista artar som hubro, og norske ansvarsartar som havørn.

Området sør for Moldefjorden har uvanlege førekomstar av rik fjellflora, og er mellom dei større inngrepsfrie områda langs kysten av Sogn og Fjordane. Vi meiner også at det ut frå dei spesielle landskapsverdiane i dette området ikkje bør opnast for nye vindkraftverk utover dei som allereie er konsesjonsgitte eller bygde (Okla, Mehuken og Bremangerlandet). Vi viser og til Riksantikvaren sitt eksklusjonsforslag innanfor same område.

¹ Datagrunnlaget er for Hordaland basert på metode frå Miljødirektoratet si rettleiar M98 - 2013 *Kartlegging og verdsetting av friluftslivsområder* og Direktoratet for naturforvaltning si *handbok 25-2004* og for Sogn og Fjordane *Fylkesdelplan for arealbruk* (2000) og *Fylkesdelplan for friluftsliv* (1995). I Hordaland fylke var kartlegging og verdsetting av regionale friluftsområde ferdig i 2007. Dei aller fleste kommunane i Hordaland har no gjennomført lokal kartlegging. I Sogn og Fjordane er dette ikkje gjennomført innanfor grensene for dei aktuelle analyseområda.




Fylkesmannen foreslår at området Selje sør - Nordfjord (markert med grønt i kartet) vert ekskludert frå nasjonal ramme

Sunnfjord og Sogn - kommunane Askvoll, Sunnfjord, Fjaler, Gaular, Høyanger og Hyllestad

I den nordvestlege delen av området (*Askvoll og Fjaler*) har NVE vist til at eit delområde er geografisk avgrensa frå resten, at arealet er relativt lite, og at det har krevjande topografi. Fylkesmannen viser til at det same delområdet i tillegg har kvalitetar som gjer det til eit regionalt viktig friluftsområde med store areal av inngrepsfri natur. Dette området (nord for Dalsfjorden) er ein del av Kvamshesten devonfelt, med berggrunn frå devontida og svært uvanleg og karakteristisk topografi og terrengformasjonar. Vi føreslår derfor at delområdet nord for Dalsfjorden blir ekskludert, og at ein i denne eksklusjonen også inkluderer eit areal på sørsida av fjorden frå Haugland i aust. I dette arealet ligg det eit komande stort naturreservat i søraustre del, mens resten av arealet har fleire førekomstar av raudlista artar og ansvarsartar særleg knytt til skog. Det er og hekkeområde for rovfugl og ugler (havørn, vandrefalk, hønehauk og mogleg hubro).

Store deler av *Sunnfjordfjella* mellom Dale og Vadheim er store urørte fjellområde med viktige regionale interesser knytte til friluftsliv. Det er stor grad av overlapp mellom inngrepsfrie område og regionalt viktige friluftslivsområde, og vi meiner at midtre del av området Sunnfjord og Sogn bør ekskluderast. I den austlegaste delen av området er det også viktige område for friluftsliv, men desse er kartlagde som lokalt viktige og ligg i fjellområde med mange vasskraftinngrep. Vi føreslår likevel at den nordlegaste stripa av det austlegaste delområdet, nærare bestemt arealet som der inngår i nedbørsfeltet til det varig verna Gaularvassdraget, bør ekskluderast. Vi viser til den store merksemda som har blitt dette vassdraget til del gjennom mange år, og elles til rikspolitiske retningslinjer for verna vassdrag, klasse 3: *Det er svært viktig å bevare naturens preg av å være lite berørt av moderne menneskelig aktivitet.*



Fylkesmannen foreslår at områda Askvoll og Fjaler, Sunnfjordfjella, Gulen vest, Sleire – Kjellebu, Stølsheimen vest og Masfjordfjella - Fjonfjella (markert med grønt i kartet) vert ekskluderte frå nasjonal ramme

Nordhordland og Gulen - kommunane Gulen, Høyanger, Masfjorden og Lindås

Masfjordfjella og Fjonfjella: Høyringsforslaget frå NVE viser til friluftsiinteresser og samanhengande naturområde i Fjonfjella, og at dette kan vere grunnlag for å flytte områdegrensa nordover. Dette området er foreslått verna som nytt nasjonalparkområde i arbeidet med supplerande vern. Området har store kvalitetar som urørt fjellområde, og har regionale friluftsiinteresser. Fylkesmannen legg til grunn at det må ut av den nasjonale rammeplanen.

Dette gjeld og *Stølsheimen vest* mot E39, fjella mellom Oppedal og Matre. Her ligg store samanhengande naturområde med regionalt viktige friluftsiinteresser som inngår i eit større område, *Stølsheimen*. I nordlege del av dette arealet er det i tillegg viktige hekkeområde for fleire artar av rovfugl og spelplassar for skogsfugl.



Gulen vest: Den vestlegaste delen av Gulen kommune er ikkje med i framlegget til nasjonal ramme for vindkraft, noko vi ser positivt på ettersom det på desse øyane er store naturverdiar i form av truga naturtypar, hekkeområde for fleire truga fugleartar. Ikkje minst vil vi vise til at hovudkorridoren for fugletrekket langs Vestlandet går over dette området. Vi meiner likevel at ekskludert område bør femne om litt større areal, og inkludere furuskogsområda nord for Sløvåg, heile Hisarøyna, og dei nordlege delane av fastlandet nord for Dingjevatnet og Brossvikvatnet. Desse areala har store verdiar i form av viktige naturtypar, hekkeområde for sårbare fugleartar, inngrepsfri område frå fjord til fjell, og føreslått vern. Ei slik justering vil også vere viktig for fugletrekk, ettersom trekkorridoren truleg vidar seg ut over dei låge øyområda i dette området.

I tillegg vil Fylkesmannen peike på regionalt og lokalt viktig friluftsområde *Sleire-Kjellebu*. Vi har og merkt av dette som eit aktuelt eksklusjonsområde.


Sunnhordland og Haugalandet - kommunane Fitjar, Stord, Tysnes, Kvinnherad og Etne

Sunnhordland: Fjell- og friluftsområde på Stord-øya sør for Midtfjellet vindpark og høgfjellsområda på Tysnes bør ekskluderast ut frå regionale og lokale friluftsiinteresser, større urørte naturområde viktige for rovfugl, og samla belastning.

Det same gjeld Reksteren og Økland, her vi finn viktig område med naturtypar som vestnorsk regnskog, gamal barskog, sumpskog, kystmyrar og mindre inngrepsfrie område. Her ligg og eit kandidat område for frivillig skogvern. Eksklusjonsområdet omfattar og båtutfartsområdet i Sunnhordlandbassenget, der øyane er eit viktig regionalt friluftsområde for båtutfart. Landskapsverdiane står sentralt.

Kvinnherad: Fjellpartiet mellom Husnes og Valen og Uskedalen er eit svært viktig regionalt fjellområde med særleg karakter som urørt naturområde. Fjellmassivet med Ulvanosa og Englafjell er kjende landemerke i regionen, som er særst viktige innan friluftsliv og reiseliv med mange tur- og klatretreasear.

Blådalen – Fjellhaugen inn mot Folgefonna og fjellområdet Matre – Åkrafjorden over mot Åkrafjorden representerer regional viktige friluftsområde og urørte fjellområde. Området er tilgjengeleg og vert nytta av befolkninga i store deler av Sunnhordland. Blådalen er prega av mange inngrep etter kraftutbygging, men har likevel stor betydning som utfartsområde. Området er og innfallsport til Folgefonna og har særleg verdi som nærområde til nasjonalparken.



Fylkesmannen foreslår at område i Sunnhordland og Kvinnherad (markert med grønt i kartet) vert ekskludert frå nasjonal ramme

Fjella mellom Voss og Hardangerfjorden - kommunane Granvin, Voss og Kvam

Området ligg på lista over vindkraftområde som vart nesten utpeikt. Desse fjellområda bør ikkje inn i rammeplanen, på grunn av nasjonale og regionale interesser knytte til friluftsliv og større, samanhengande naturområde med urørt preg. Områda mot Kvammafjella og Bergsdalsfjella og områda mot Hardangerfjorden med Fykkesundet inngår som ein heilskap, og utgjer til saman viktige høgfjells- og fjordområde i fylket.



Fylkesmannen har meldt inn aktuelt område som nasjonalpark i Øystesefjella i samband med prosess for supplerande vern. Området er ikkje godt kartlagt, men Fylkesmannen er kjent med førekomstar av rovfugl i området, og at fjella mellom Voss og Hardanger har kalkrike område med særprega vegetasjon.

Med helsing

Lars Sponheim

Kjell Kvingedal
miljødirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Kopi til:

Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Norges vassdrags- og energidirektorat - NVE	Postboks 5091 Majorstua	0301	OSLO
Askvoll kommune	Postboks 174	6988	ASKVOLL
Bremanger kommune	Postboks 104	6721	SVELGEN
Bømlo kommune	Leirdalen 1	5430	BREMNES
Etne kommune	Sjoarvegen 2	5590	ETNE
Fusa kommune	Postboks 24	5649	EIKELANDSOS EN
Gaular kommune	Vadheimsvegen 15	6973	SANDE I SUNNFJORD
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	BERGEN
Odda kommune	Opheimsgata 31	5750	ODDA
Osterøy kommune	Rådhuset	5282	LONEVÅG
Voss kommune	Postboks 145	5701	VOSS
Miljødirektoratet	Postboks 5672 Torgarden	7485	TRONDHEIM
Forum for Natur og Friluftsliv i Hordaland v/ Bergen Turlag	Tverrgt. 4/6	5017	BERGEN
Austrheim kommune	Kommunehuset	5943	AUSTRHEIM
Bergen kommune	Postboks 7700	5020	BERGEN
Eid kommune	Rådhusvegen 11	6770	NORDFJORDE ID
Flora kommune	Markegata 51	6905	FLORØ
Hornindal kommune	Postboks 24	6761	HORNINDAL
Meland kommune	Postboks 79	5906	FREKHAUG
Vik kommune	Postboks 134	6891	VIK I SOGN
Aurland kommune	Vangen 1	5745	AURLAND
Gloppen kommune	Grandavegen 9	6823	SANDANE
Gulen kommune	Eivindvikvegen 1119	5966	EIVINDVIK
Hyllestad kommune	Kommunehuset	6957	HYLLESTAD
Jondal kommune	Kommunehuset	5627	JONDAL



Kvam herad	Grovagjelet 16	5600	NORHEIMSU ND
Kvinnherad kommune	Rosendalsvegen 10	5470	ROSENDAL
Sogndal kommune	Postboks 153	6851	SOGNDAL
Årdal kommune	Postboks 40	6881	ÅRDALSTANG EN
Fitjar kommune	Postboks 83	5418	FITJAR
Leikanger kommune	Skrivarvegen 7	6863	LEIKANGER
Modalen kommune	Postboks 44	5729	MODALEN
Solund kommune	Postboks 73	6921	HARDBAKKE
Austevoll kommune	Kommunehuset	5392	STOREBØ
Balestrand kommune	Rådhuset	6899	BALESTRAND
Fjaler kommune	Postboks 54	6961	DALE I SUNNFJORD
Granvin herad	Postboks 13	5733	GRANVIN
Selje kommune	Kommunehuset	6740	SELJE
Sund kommune	Postboks 23	5371	SKOGSVÅG
Sveio kommune	Postboks 40	5559	SVEIO
Ullensvang herad	Heradshuset	5780	KINSARVIK
Vågsøy kommune	Postboks 294	6701	MÅLØY
Høyanger kommune	Postboks 159	6991	HØYANGER
Lindås kommune	Kvernhusmyrane 20	5914	ISDALSTØ
Luster kommune	Rådhuset	6868	GAUPNE
Lærdal kommune	Postboks 83	6886	LÆRDAL
Naustdal kommune	Postboks 43	6806	NAUSTDAL
Radøy kommune	Radøyvegen 1690	5936	MANGER
Samnanger kommune	Tyssevegen 217	5650	TYSSE
Stryn kommune	Tonningsgata 4	6783	STRYN
Ulvik herad	Skeiesvegen 3	5730	ULVIK
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Fjell kommune	Postboks 184	5342	STRAUME
Førde kommune	Postboks 338	6801	FØRDE
Masfjorden kommune	Austfjordvegen 2724	5981	MASFJORDNE S
Os kommune	Postboks 84	5202	OS
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Stord kommune	Postboks 304	5402	STORD
Vaksdal kommune	Konsul Jepsensgata 16	5722	DALEKVAM
Øygarden kommune	Ternholmvegen 2	5337	RONG
Askøy kommune	Klampavikvegen 1	5300	KLEPPESTØ
Eidfjord kommune	Simadalsvegen 1	5783	EIDFJORD
Fedje kommune	Adm.bygg	5947	FEDJE
Jølster kommune	Kommunehuset	6843	SKEI I JØLSTER
Tysnes kommune	Rådhuset	5685	UGGDAL